



MØTEPROTOKOLL

Utval: **Driftsstyret**
Møtestad: **Møterom A, Rådhuset**
Dato: **07.10.2015**
Tid: **14.00**

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Egil Berg	Medlem	FRP
Jenny Venås	Medlem	FRP
Benedikte Holmberg	Medlem	V
Rebecca Riise Bjerknes	Medlem	SP

Faste medlemmar som ikkje møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Hermann Dahl	Medlem	KRF
Ann Britt Våge Fannemel	Leiar	H
Håvard Strand	Nestleiar	KRF
Jan Henning Egset	Medlem	AP
Anne-Grete Eiken	Medlem	AP

Varamedlemmer som møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Astrid Gjersdal	Jan Henning Egset	SV

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Per Ivar Kongsvik	Oppvekstsjef
Bente Engeseth	Informasjonskonsulent
Arild Iversen	Ordførar
Bente Kristin Krøvel	Møtesekretær

SAKLISTE

Saksnr.	Sak
PS 28/15	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 29/15	Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte
OS 10/15	Referat frå SU Vikebygda skule, 03.09.2015
OS 11/15	Orientering. Melding om vedtak skuleskyss
PS 30/15	Presisering til vedtak om skjenkeløyve - Fjordkongen AS (org nr 915055885)

PS 28/15 Godkjenning av innkalling og sakliste

Jenny Venås vart oppnemnd som møtestyrar då leiar og nestleiar for driftstyret ikkje var til stades.

Handsaming:

Det vart lagt på bordet eit skriv: *Skjenkeløyver til Fjordkongen AS*, til sak PS 30/15. Skrivet var frå ordførar Arild Iversen, og stila til rådmann og til leiar for driftstyret.

Med denne endringa vart innkalling og sakliste samrøystes godkjend.

Samrøystes vedtak i Driftsstyret - 07.10.2015

Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjend.

PS 29/15 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte

Samrøystes vedtak i Driftsstyret - 07.10.2015

Møteprotokoll frå forrige møte, telefonmøte 03.09.2015, vart samrøystes godkjend.

Orienteringssaker

OS 10/15 Referat frå SU Vikebygda skule, 03.09.2015

OS 11/15 Orientering. Melding om vedtak skuleskyss

PS 30/15 Presisering til vedtak om skjenkeløyve - Fjordkongen AS (org nr 915055885)

Administrasjonen si tilråding:

Driftsstyret vedtek følgjande presisering av vedtaket om skjenkeløyve Til Fjordkongen AS gitt i DS-sak 24/15 den 19.08.15:

1. Alkoholvare: Alkoholhaldig drikk gruppe 1 og 2. Det vert gitt løyve for alkoholhaldig drikk gruppe 3 ved slutta lag og spesielle arrangement med matservering som for eksempel julebord. Hovudføremålet med arrangementet skal vere servering av mat.

2. Vedkomande butikkarealet i passasjerfartyet. Det er ikkje lov å nytte dette lokalet til skjenkeareal, med andre ord skal det ikkje foregå skjenking i det tidsrommet butikken er open for sal.

Handsaming:

Det vart lagt på bordet eit skriv: *Skjenkeløyver til Fjordkongen AS*, til sak PS 30/15. Skrivet var frå ordførar Arild Iversen, og stila til rådmann og til leiar for driftstyret. Ved ein feil var ikkje dette skrivet journalført før den 07.10.15. Driftstyret las gjennom brevet før handsaming.

Framlegg til ny tilråding, frå driftstyret:

- 1. Driftstyret ber om at administrasjonen vurderer saka på nytt, då særskilt spørsmålet om Fjordkongen AS er eit nytt konsept i Volda kommune, jamfør Rusmiddelpolitisk handlingsplan.*
- 2. Driftstyret rådar administrasjonen til ny synfaring på båten, med tanke på båt-, bar-, butikk-konseptet og utearealet.*
- 3. Saka skal sendast vidare til neste kommunestyremøte.*
- 4. Driftstyret ber kommunestyret slutthandsame saka.*

Røysting:

Driftstyret sitt tilråding fekk 5 røyster. Adm.sitt framlegg fekk ingen røyster og fall.

Samrøystes tilråding i Driftsstyret - 07.10.2015

- 1. Driftstyret ber om at administrasjonen vurderer saka på nytt, då særskilt spørsmålet om Fjordkongen AS er eit nytt konsept i Volda kommune, jamfør Rusmiddelpolitisk handlingsplan.*
- 2. Driftstyret rådar administrasjonen til ny synfaring på båten, med tanke på båt-, bar-, butikk-konseptet og utearealet.*
- 3. Saka skal sendast vidare til neste kommunestyremøte.*
- 4. Driftstyret ber kommunestyret slutthandsame saka.*

Møtet slutt kl. 15.35

Rett utskrift vert vitna
08.10.2015
Volda kommune, servicekontoret

Bente Kristin Krøvel
Førstesekretær